



Bygland kommune

Tenestetorget

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Vår ref:
2008/16-0

Sakshandsamar:
Tarjei Langeid, ☎ 37 93 47 57

Arkivkode:

Dato:
08.02.2008

HØYRING – FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVEN

Denne saka vart teke opp direkte i kommunestyremøtet 07.02.08 under sak – EVENTUELT-
der det vart gjort fylgjande vedtak:

1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med menneskerettighetserklæringa.
2. Det kan synast som departementet i sitt forslag går unødvendig langt i høve til domen i å redusere kristendommen sin plass i faget.
3. Bygland kommune meiner lov og føreskrifter om faget bør innhalda tydelege formuleringar som gjev grunnlag for at kristendommen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag gjennom dei siste tusen år framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
4. Det er ingen grunn i høve til domen i Europarådet sin menneskerettighetsdomstol til å problematisere at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet mest.

Dette vedtaket vert sendt til fax.nr. 22247596 og pr. e-post til: postmottak@kd.dep.no.

Med helsing
For Bygland kommune

Tarjei Langeid
Tarjei Langeid
Sekretær